

Saksnr: 2019/82-14  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksframlegg****Saksgang**

Utv. saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	03.12.2019

**Fylkesting for ungdom Vestland - oppnemning av politisk kontaktperson****Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet oppnemner ..... som fylkeskommunen sin politiske kontaktperson for fylkesting for ungdom Vestland for perioden 2019-2023.

**Samandrag**

Fylkesting for ungdom er lovfesta i kommunelova av 2018 i § 5-12, jf. § 5-2 og regulert i Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde og delegering, jf. reglement for medverknadsorgana. Det er i reglementet stadfesta at det skal nemnast opp ein politisk kontaktperson for fylkesting for ungdom. Oppnemning av politisk kontaktperson bør følgje fylkestingsperioden, og fylkesutvalet vert oppmoda om å nemna opp ein representant for 2019-2023.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
påtroppande fylkesdirektør for  
organisasjon og økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesting for ungdom er lovfesta i kommunelova av 2018 i § 5-12, jf. § 5-2 og regulert i Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde og delegering, jf. reglement for medverknadsorgana. Det er i reglementet stadfesta at skal det skal nemnast opp ein politisk kontaktperson for fylkesting for ungdom.

Bakgrunn for ei slik oppnemning er for å vere ei politisk støtte kor ungdommane kan komme for råd til handtering av ulike saker, til dømes korleis ein best leiar møte, mediahandtering, medverknad osv. Det er såleis ikkje meininga at den politiske kontaktpersen skal inneha ei partipolitisk innflyting eller delta i Vestland ungdomsutval sine møter. Funksjonen den politiske kontaktpersonen skal ha er rådgjevande og rettleiande opp mot politiske funksjonar og prosessar.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet Vestland fylkeskommune.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

### Konklusjon

Fylkesutvalet oppnemnar ein politisk kontaktperson for fylkesting for ungdom Vestland.